

# Val av målform for barnet ditt - kva bestemmer kommunen og kva bestemmer du?



## Val av målform for barnet ditt

## Kva bestemmer kommunen og kva bestemmer du ?

*Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i skulane.  
Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skrifleg arbeid (Opplæringslova §2-5)*

I Tysvær kommune er Førland, Grinde, Nedstrand, Straumen og Tysværvåg nynorskskular. Førre, Frakkagjerd barneskole og Frakkagjerd ungdomsskole er bokmålsskoler.

Du som forelder / føresett kan søkje om at barnet ditt skal få den skriftlege opplæringa si på ei anna målform enn hovudmålet ved skulen barnet går på. Det betyr at du kan søkje om å få nynorsk ved bokmålskular og bokmål ved nynorskskular.

Retten gjeld for 1. – 7. trinn.

### Slik søker du

Du sender individuell søknad for barnet ditt til skolen ved rektor. Rektor gjer eit enkeltvedtak.

### Korleis organiserer ein klassane ?

Når minst ti elevar på same årstrinn ved skolen ønskjer skriftleg opplæring på ei anna målform, har dei rett til å tilhøyra ei eiga elevgruppe.

Ein beheld retten så lenge elevgruppa ikkje blir mindre enn seks elevar. Det er ikkje krav til elevtal for den gruppa som vel å behalde skulen si målform.

Er det for få elevar til å danne eiga språkgruppe ved ein skule, kan foreldra be om at det blir danna språkgruppe på tvers av skulane.

### Val av lærebøker

Foreldra vel målform i lærebökene til elevane til og med 7.årstrinnet. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet. Frå og med 8.trinn vel elevane sjølv målform i lærebökene dei vil bruke.

*Med helsing  
skulesjefen*

